



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2011/013374-023

Dykkar referanse:
14/2091 - 14/10100

Vår dato:
13.08.2014

Uttale - Reguleringsplan Bergotunet - Offentleg ettersyn og høyring

Vi viser til dykkar brev dagsett 24.06.2014 med uttalefrist 15.08.2014.

Statens vegvesen har delteke i drøftingsmøte om endringa av planen. Vi har følgjande merknader til planframlegget som no ligg føre:

Byggegrenser

Byggegrense i BK01 mot krysset mellom fv 564 og Stekkevikvegen var vist i det førre plankart som var på offentlig ettersyn, men er fjerna frå nytt plankart. Denne byggegrensa bør innarbeidast på nytt i plankartet.

Bestemmelsesområde og planframstilling

Planen omhandlar tre bestemmelsesområde. Berre områda 1 og 3 er viste i kartet. Område 2 må også innarbeidast i kartet. Dette er slik vi forstår saka knytt til avkøyrsllepila frå fv564 inn mot området PP04. Føresegn 6.1 omtalar krav til dette området som gjeld gjennomgåande fortau og at detaljplan skal godkjennast av Statens vegvesen. Vi gjer merksam på at ei avkøyrslle her vil få krav til frisikt mot både fortau og køyreveg, noko som vil legge restriksjonar på delar av området som er vist regulert til parkering. Senking av fortauet i tilknytning til denne avkøyrsla er omtala i føresegn 4.2 punkt 3.

Føresegn 2.3 punkt 4 omtalar bestemmelsesområde #1. Vi vil tru at rett nemning her skal vere #3 (området der o_KV06, o_KV07, o_FT02 og f_G02 møtest).

Også på nokre andre punkt er det ikkje samsvar mellom nemningar i kart og føresegner. Fv 564 er omtala som o_KV01 i kartet og o_FV564 i føresegnene. Tilsvarende gjeld for o_TK01/o_TK0, o_KH03/ o_KH02.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Sykkelparkering og universell utforming

Krav til sykkelparkering for andre område enn BK01 og B/T01, samt generelle krav til universell utforming, er fjerna frå føresegnene sidan førre offentlege ettersyn. Vi stiller spørsmål ved kva som er grunnen til dette, og rår til at slike krav vert innarbeidd i føresegnene igjen.

Støy

Føresegnene som omhandlar støy (§ 2.2 punkt 5 b og § 3.1 punkt 4) bør supplerast med krav om at bueningar i gul støysone skal ha minst halvparten og minimum 1 soverom med vindaug mot stille side med støynivå under 55 dB. Bueningar som får soverom eller stove på støyutsett side bør også få krav om balansert ventilasjon og om at behov for solavskjerming eller kjøling skal avklarast.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland (e-post)
Hordaland fylkeskommune (e-post)